

Tale ved statuen
Gaute Øvereng, Festspela 9. juni 2022

Oppgjer

– Nordmenn har seg sjølve å skulde for vanskipnaden med målet. Ein kan vel knapt seie at dei norske høvdingane under Eirik av Pommern var nøydde til å skrive dansk, men likevel hadde dei då byrja så smått med det. Og under Kristian III kunne visst endå noko vore gjort med målet, om berre nordmennene hadde villa, men slikt såg vi aldri noko til.

Dette skriv Ivar Aasen i brev til språkforskaren Marius Nygaard frå Bergen hausten 1863. På denne tida nærmar han seg ei avslutning på nyutgivinga av *Norsk Grammatik*, og der skal det stå ein fortale som han arbeider med i lang tid. Så lenge som sju år før, då han skulle gi ut *Norske Ordsprog*, skrev han til Ludvig Daae:

– Eg tenkte å skrive ein lynande og tordnande fortale til denne boka, men så let eg det gå forbi for denne gong. Derimot tenkjer eg no å ta fatt på ei omarbeidning av grammatikken, og i denne er det at lynet og tora skal kome. (Aasen i brev til Ludvig Daae 17.4.1856)

Det skal koma om inkje så brått, altså.

Det var eit oppgjer med det etablerte, så det måtte vere godt fundert og godt formulert. Mellom 15. juli 1860 og 15. mars 1864 har han notert 37 gongar i dagboka at han arbeidde med fortalen.

Her skriv han tydeleg at det er leiarane i landet som har ansvaret for den situasjonen ein var i med stor avstand mellom det talte og det skrivne språket. Og at denne situasjonen er ein byrde for folket, for allmugen. I staden for at den alminnelege barnelærdomen og all anna nødvendig kunnskap blir omtala i ei form som stemmer noko nær overeins med talespråket til folket, blir den formidla så framandarta at det ofte blir misforstått, ofte berre halvt forstått og dermed også vanskeleg å legge seg på minne. Kunnskapen til den einskilde blir halde nede av

språkbarrierar, og folket blir med dette undertrykt, skriv Aasen, meir eller mindre direkte.

Aasen penslar også ut eit større bilde i denne teksten, når han viser til at dette ikkje er forhold som berre gjeld det norsk-danske. Han skriv: – I mange land har folkevandringar og erobringar rive opp alle dei gamle grunnlagga, slik at ein til dels har kome til å dyrke eit språk som tilhøyrde eit heilt framand og ubeslekt folk. I andre land har ein enkelt folkestamme tilvent seg ei slik overvekt, at det blei vanskeleg for ein annan stamme å hevde sitt eige mål, sjølv om denne hadde betre rett til det.

I desse dagar er det nærliggande å kople dette til situasjonen mellom Ukraina og Russland. Språksituasjonen og kva språket har å seie for identiteten, er ein del av den konflikten. I ein tekst skiven for nynorsk.no skriv professor Tore Nesset dette om det språklege bakteppet for krigen: – Når den russiske presidenten hevdar at Ukraina høyrer heime i det russiske imperiet, viser han mellom anna til språklege tilhøve. Ukrainsk er ikkje noko eige språk, blir det sagt. Dei færraste språkvitarar vil vere samde i dette. [...] I 2021 oppgav om lag 78% av folkesetnaden i Ukraina at dei hadde ukrainsk som morsmål. Om lag 18% identifiserte russisk som morsmål.

Når vi seinare i dag opnar Festspela, er det med eit program som tek for seg temaet oppgjer med fleire ulike utgangspunkt. Dette er tematikk som er sentral i diktinga til festspeldiktar Aina Basso. Då ho tidlegare i vår blei heidra med Samlagsprisen, sa juryen mellom anna dette i grunngivinga:

«Medan samtidslitteraturen elles ofte fokuserer på nære relasjonar med aktuelle kvaradaysproblem, set romanane til Basso slike problematikkar i perspektiv. Her er ei tidsdjupne som viser kor kort tid det var sidan ein i Noreg systematisk undertrykka kvinner. Her speglar ein samfunnet sitt forhold til minoritetar. Her viser ein kva konsekvensen av undertrykking er. At ho skriv om minoritetar er eit særkjenne ved forfattarskapen hennar som mange leesarar set pris på. Skildringane gir eigarskap til historia og minner om kva som framleis står på spel.»

Ivar Aasen viste også kva som stod på spel: framtida. Ungdomen som ein gong vil ta over og som også skal lære eit språk. Han avsluttar fortalen til grammatikken med å framheve at den oppveksande slekta må ha moglegheit til å begynne si opplæring og grunnlaget for sine vurderingar med ein «betre kunnskap enn den vi sjølve måtte begynne med.»

Det gjeld på mange område den dag i dag.

fung. direktør Gaute Øvereng